



Arkivsaknr: 2024/8326-16
Sakshandsamar:Lene Helgesen
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag dispensasjon og rammesøknad - 482/63 - kaianlegg
Brekkestø med parkering, veg, utstikkare

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen i frå tiltakshavar på vedtak 2024/8326-10, datert 24.10.2024, vert ikkje teke til følge.

Avslaget som vert ståande skal lyde:

«Det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot sjøen, frå planføre mål naust, planføre mål vern og bruk av sjø og frå plankrav for etablering av utfylling i sjøen, etablering av parkeringsplassar med snuplass, tredekke/terrasse, utviding av brygge, rehabilitering av felles kaianlegg med kaifront med 5 utstikkare på Brekkestø. Dispensasjonen er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 2024/8326

Påklaga vedtak Avslag på dispensasjon og rammeløyve, datert 24.10.2024

Tiltak: Utfylling i sjøen, etablering av parkeringsplassar med snuplass, tredekke/terrasse, utviding av brygge, rehabilitering av felles kaianlegg med kaifront

Søknadstype: Dispensasjon og Søknad om tiltak

Eigedom: Gbnr. 482/63

Adresse: Ingen adresse finnes, Alver

Tiltakshavar: Morten Storheim

Klagar: Tiltakshavar

Vurderingstema for APM

APM må vurdere følgende dispensasjonar:

dispensasjon frå byggegrense mot sjø, frå planføre mål naust, planføre mål bruk og vern av sjø og frå plankrav.

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar. Klagar har klagerett i saka. Vedtak i saka er sendt ut 20.10.2024. Klagen er mottatt 11.11.2024 og er mottatt innan fristen.

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.

Planstatus

Eigedom ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som naustføre mål på land og bruk og vern av sjø i sjøen.

Kart og foto



Uttale frå andre mynde

Det er henta inn slik uttale frå Statsforvaltaren i Vestlandet av 12.09.24:

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 28.08.2024. Saka gjeld søknad om utfylling i sjøen, rehabilitering av eksisterande kaianlegg med kaiutstykkare for 5 naust i rekkje på gbnr 482/63 på Brekkestø Alver kommune.



Statsforvaltaren sine merknader

Elgedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som naustføremål på land og vern og bruk av sjø og vassdrag i sjøen. Vi gjer merksam på at interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland gjeld for areala i sjø. Kommunen vurderer at tiltaka krev dispensasjon frå byggegrense mot sjøen, føremål naust og plankrav. Etter det Statsforvaltaren kan sjå så går tiltak ut i bruk og vern av sjø og vassdrag fleire stader. Vår vurdering er at tiltaket også treng dispensasjon frå formål i sjø.

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

Utifrå foto som er lagt ved søknad ser vi at det kan vere behov for vedlikehald på staden. Det vert opplyst i søknad at det ikkje skal utførast tiltak i sjø, utover rehabilitering av eksisterande kai og kaiutstikkarar tilbake til opphavsleg utforming. Vi vil likevel peike på at arealet i sjø ikkje er sett av til tiltaka det vert søkt om.

Tiltaket ligg i Den indre farlei som er rekna som kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Tiltakas verknad på desse verdiane er særleg viktig å vurdere. Om kommunen vurderer at det er grunnlag for dispensasjon i saka, meiner vi at tiltaka ikkje bør vere større en naudsynt. I samsvar med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona bør det også vurderast felles brygger for å minske tiltaka i strandsona.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Vi viser elles til vår brev datert 18.06.2024, om avvikling av forsøksordninga knytt til høyring av dispensasjonssaker. Det er bra at kommunen sender oss dispensasjonar på høyring, men vi minner om at vi ønskjer at kommunen legg ved si førebelse vurdering av om lowilkåra for å kunne gje dispensasjon er oppfylt.

Det er henta inn slik uttale frå Fiskeridirektoratet av 02.10.24:

Bakgrunn

Søknaden gjeld utfylling i sjø og rehabilitering av kaianlegg på Brekkestø, gnr. 482, bnr. 63. Egedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Alver er definert som naustføremål på land og bruk og vern av sjø og vassdrag i sjøen. Tiltaka krev dispensasjonar frå både byggjegrænse mot sjøen, føremål naust og plankrav.

Fiskeridirektoratets rolle

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å medverke i planlegging etter plan- og bygningslova når fiskeri- og akvakulturinteresser i kyst- og sjøområde vert berørt. Interessene vi skal ta i vare er nærare omtala i planretteiinga vår på [Arealplaner \(fiskeridir.no\)](https://fiskeridir.no/arealplaner).

Registreringar i Yggdrasil

I kartverktøyet vårt [Yggdrasil \(fiskeridir.no\)](https://fiskeridir.no/yggdrasil) er det registrert eit lokalt viktig gytefelt for kysttorsk som dekkjer store delar av Radsundet. Det er Havforskningsinstituttet som har registrert gytefeltet.

Vurdering

Torsken gyt i perioden frå og med månadsskifte januar/februar til og med april, og yngelen sym ned til botn og veks opp i grunne område i nærleiken av gytefeltet i perioden mai/juni. I dette tidsrommet er yngelen ekstra utsett for ytre påkjenningar, og er spesielt ømfintleg for steinstøv og partiklar. Havforskningsinstituttet rår generelt til at anleggsperioden i størst mogleg grad leggst utanom gyteperioden for fisken slik at dei umiddelbare effektane vert minst mogleg. Dersom det er risiko for at anleggsarbeidet kan føre til partikkelspreiing, ber vi kommunen sette vilkår om at tiltaket skal utførast utanom 1. februar – 30. juni.

Vi kan utover dette, ikkje sjå at dette enkelttiltaket vil gå utover fiskeria i område. Kommunen må likevel gjere ei vurdering av fordelar og ulemper knytt til det omsøkte tiltaket og ulempene knytt til ein bit-for-bit-utbygging i strandsona må vektast tungt. Fiskeridirektoratet vil ikkje

motsetje oss ein eventuell dispensasjon, men vi presiserer likevel at mange dispensasjonar for mindre tiltak i strandsona i sum kan føre til negative konsekvensar for fiskeriinteressene.

Generelle råd om tiltak i sjø

For generell informasjon om verknadane utbyggingar i kystsona kan få for marine ressursar og marint miljø, viser vi til Havforskningsinstituttet sin [Kunnskapsveileder for marine naturverdier og tiltak i kystsonen | Havforskningsinstituttet \(hi.no\)](https://fiskeridir.no/kunnskapsveileder-for-marine-naturverdier-og-tiltak-i-kystsonen).

Det er henta inn slik uttale frå Bergen hamn av 17.09.24:

Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS (BHF IKS) har fått delegert myndigheten som tilligger kommunen etter Lov om havner og farvann (hfl.) av 21.06.2019 jf. § 4 fra Alver, Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Fedje, og Øygarden kommune.

Hfl. har som formål å fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann.

Vurdering av omsøkt tiltak

Ut i fra mottatt informasjon søkes det om tillatelse til utfylling i sjø og rehabilitering av et eksisterende kaianlegg med kai-utriggere for henholdsvis 5 naust. Vi kan ikke se at de omsøkte tiltakene vil komme i konflikt med de hensynene vi skal ivareta etter havne- og farvannsloven. Vi har dermed ingen merknader i saken.

Vi gjør imidlertid oppmerksom på at søknaden må sendes på høring til Fiskeridirektoratet ettersom det er registrert fiskeriinteresser i det omsøkte området. Dersom Fiskeridirektoratet blir hørt i forbindelse med behandling av dispensasjonssaken vil dette ikke være nødvendig når vi senere skal behandle saken. Fiskeridirektoratet er satt som kopimottaker for orientering.

Videre opplyser vi at det går en biled like utenfor det omsøkte område. Tiltaket må ha tilstrekkelig solid utførelse og fortøyes/forankres forsvarlig slik at den tåler de påkjenninger som følger av sjøtrafikken i området. Eventuelle fortøyningsblåser skal plasseres innenfor anleggets ytterpunkter. Forankringstauene skal være forsvarlig nedsenket. Til fortøyninger utenfor anleggets ytterpunkter må det benyttes synketau. Alternativt kan det påmonteres lodd slik at tauverk ikke under noen omstendigheter flyter opp til overflaten.

Arbeider med utfyllingen må utføres skånsomt for å unngå unødvendig påvirkning på det omkringliggende miljø, eksempelvis begrense partikkeloppvirvling/spredning osv. Arbeidet må gjennomføres på en måte som blir til minst mulig ulempe for skipstrafikken og eventuelle annen

virksomhet i området. I den grad det anses nødvendig må farvannet hvor arbeidene foregår, merkes forsvarlig, slik at de er godt synlig for trafikken i området.

Vi minner søker om at tiltaket også krever tillatelse etter havne- og farvannsloven. Til orientering må vi avvente vår behandling av søknaden inntil det foreligger et eventuelt dispensasjonsvedtak fra Alver kommune, jf. hfl. § 14 fjerde ledd. Ordinær saksbehandlingstid er fire uker fra søknaden er mottatt komplett.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå dispensasjon frå byggegrense mot sjø, frå planføremaal naust, planføremaal bruk og vern av sjø og frå plankrav.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Punkt 1

Det søkes om dispensasjon fra Byggegrense mot sjø – KDP 2.7 og 4.12.2

Begrunnelse:

Byggegrense mot sjø i kommuneplankartet skjærer over de eksisterende kai-utstikkere som ble etablert på 1980-tallet. Søknaden vår omhandler istandsettelse av eksisterende kai og 5 stk. eksisterende kai-utstikkere. Det er ikke tale om nyetablering, men om rehabilitering for å sikre bedre fortøyningsmuligheter, trygg ilandstigning og trygt opphold på kaien.

Det har vært et generasjonsskifte på eierfronten for naust -og kaianlegget de siste årene, der flere av naustene er kjøpt/overtatt av yngre krefter. Det er et sterkt ønske fra dem å sette området i stand igjen, og gjerne også forbedre de brukskvalitetene som tidligere lå i området.

Begrunnelse for istandsettelse av kaien/kaifronten og kai-utstikkerne, er at bølger og bevegelser i sjøen medfører at stein over tid skrider ut i sjø. Rutebåtene som går flere ganger daglig i den indre farleia, øker sin fart akkurat i dette område og det medfører større bølger, enn hvis den hadde holdt sakte fart som i sørligere del av Alverstraumen. Resultatet er at kai og kai-utstikkere har blitt slitt og trenger opprusting.

Hensynet bak byggegrense settes ikke ytterligere til side, da det her er tale om istandsettelse av eksisterende kai og kai-utliggere.

Fordelen ved å gi dispensasjon er

- at eksisterende anlegg blir tatt vare på i stedet for å forfalle og evt. forsøple strandsone og sjø
- det blir lagt bedre til rette for fortøyning, trygg ilandstigning og trygt opphold på kaien.

Vi kan ikke se at det er noen ulemper ved å istandsette et eksisterende anlegg.

Punkt 2

Det søkes om dispensasjon fra arealformål Bruk og vern av sjø og vassdrag – KDP 3.5.1

Begrunnelse:

Hensynet bak formål for bruk og vern av sjø og vassdrag settes ikke ytterligere til side, da det her er tale om eksisterende kai og kai-utstikkere.

Fordelen ved å gi dispensasjon er

- at eksisterende anlegg blir tatt vare på i stedet for å forfalle og evt. forsøple strandsone og sjø
- det blir lagt bedre til rette for fortøyning, trygg ilandstigning og trygt opphold på kaien.

Vi kan ikke se at det er noen ulemper ved å vedlikeholde et eksisterende anlegg.

Punkt 3

Det søkes om dispensasjon fra plankrav for utfylling i sjø – KDP 2.13

Begrunnelse:

Det skal ikke utføres utfylling i sjø eller utføres tiltak i sjø, utover rehabilitering av eksisterende kai og kai-utstikkere tilbake til opprinnelig utforming, som er endret på grunn av påvirkning fra bølger og bevegelser i sjøen.

Fordelen ved å gi dispensasjon er

- at eksisterende anlegg blir tatt vare på i stedet for å forfalle og evt. forsøple strandsone og sjø
- det blir lagt bedre til rette for fortøyning, trygg ilandstigning og trygt opphold på kaien.

Vi kan ikke se at det er noen ulemper ved å vedlikeholde et eksisterende anlegg.


Punkt 5

Det søkes om dispensasjon fra formål Naust i kommuneplan for Radøy

Begrunnelse:

Hele tiltaket ligger innenfor formål Naust. Ingen deler ligger under formål LNF! Se utsnitt av plankart under.

Den delen av kaien som opprustes med tredekke av grov plank, skal avløse overflaten på del av stenkaien som har rast delvis ut, og hvor det derfor har blitt grunt og ikke lenger er mulig å legge til eller fortøye mindre båter til fronten. Vi ser at det nye tredekket på kaien er anført som *Terrasse* på situasjonskartet som var vedlagt søknaden. (Se oransje sirkel på kartutsnitt under) Det hadde vært mer presist at skrive *Kai med nytt tredekke*, for hensikten var å vise at tredekket fortrinnsvis ikke er til å kjøre/parkere på, men primært er for ilandstigning!



Kaien og kai-utstikkerne skal ikke utvides og det skal ikke lages ny kai, men den eksisterende kai og kai-utstikkere skal settes i stand og bli tilrettelagt for tryggere opphold og fortøyning samt håndtering av båter inn/ut av naust og til/fra sjø.

Med hensyn til spørsmål om vist tilkomst (feks. med traktor) mellom eksisterende naust og kai-utstikkere, så står det under formål *Naust*:

Ålmenta skal ha fri ferdsel i naustområda og det skal leggjast til rette for tilgang til sjø mellom og framføre nausta.

Denne tilkomsten eksisterer allerede i dag og er vist på situasjonskartet som var vedlagt søknad om rammetillatelse.

Begrunnelse for istandsettelse av kaien/kaifronten og kai-utstikkerne, er at bølger og bevegelser i sjøen medfører at stein over tid skrider ut i sjø. Rutebåtene som går flere ganger daglig i den indre farleia, øker sin fart akkurat i dette område og det medfører større bølger, enn hvis den hadde holdt sakte fart som i sørligere del av Alverstraumen. Resultatet er at kai og kai-utstikkere har blitt slitt og trenger opprusting.

Hensynet bak formål til settes ikke ytterligere til side, da det her er tale om eksisterende kai og kai-utliggerne.

Fordelen ved å gi dispensasjon er

- at eksisterende anlegg blir tatt vare på i stedet for å forfalle og evt. forsøple strandsone og sjø
- det blir lagt bedre til rette for fortøyning, trygg ilandstigning og trygt opphold på kaien.

Vi kan ikke se at det er noen ulemper ved å vedlikeholde et eksisterende anlegg, og tiltaket vil kun få positive konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.

Klagegrunnar

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

KOMMUNENES VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

VURDERING

Generelt om dispensasjon

Det er to vilkår som begge må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

I tillegg kan ikkje kommunen gi dispensasjon dersom omsyna bak lovas formålsregel eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.


Plankrav

Generelle omsyn bak plankravet er å kunne sikre ei heilskapleg, berekraftig og gjennomtenkt utvikling av området. Plankravet sikrar openheit, forutsigbarheit og medverknad for både offentlege og private partar, jf. pbl. føremålsbestemmelse §1-1.

Spesifikke omsyn bak plankravet i KDP Radøy pkt. 2.1 er å sikre detaljert oversikt over plassering, storleik, utforming av framtidige/noverande naust, kai, felles kaianlegg og flytebyggjer. Slike anlegg vil regulere ferdsel på sjø og sikre båtane på ein betre måte enn der området ikkje er regulert. Det vert auka sikkerheit på sjø og faren for ulykker og forureining vert redusert når det ligg ein plan til grunn som setter krav til utføring av tiltaka. Planen vil også løyse utfordringar med tilkomst og parkering til området der tiltaka skal etablerast.

Kommunen vurderer at omsøkte tiltaket er i konflikt med både reguleringsplankrav, planføremål naust på land og planføremål i sjøen- bruk og vern av sjø. Søkjar skrivar at kaianlegg og utstikkare skal ikkje utvidast, men vi målte utifrå våre kart at lengste utstikkar er på 9 m, mens det søkjast på 13,18 lange utstikkare. Kaianlegg krev ny fylling i sjøen, dette gir utvida rammer for tiltak, som holdar ikkje opphavleg form og dimensjon. Det står i KDP Radøy pkt. 2.13 at fylling i sjø utløysar plankrav. I tillegg skal det etablerast 5 parkeringsplassar, 1 snuplass, heile parkeringsområde krev forsterkning av masser som utløysar plankrav i seg sjølv etter pkt. 3.1.10.3 føresegn til KDP Radøy.

Dagens situasjon er vist her:



Omsøkte tiltaket er illustrert i situasjonsplanen nede:



Kommune har lagt vekt på aukande dimensjonar på eksisterande kai med utstikkare og anser tiltaket ikkje som rehabilitering/opprusting/reparasjon men som etablering av ny anlegg med større krevjande dimensjonar. Tiltakshavar kunne forhold seg til eksisterande kaianlegg og søkt kun om naudsynt opprusting for å nytte naust, då kunne det vere pårekneleg med dispensasjon frå plankrav. Tiltaket omfattar også to kaidekk (terrasse og brygge på situasjonsplan) og badetrapp.

Etter vårt syn skal naudsyn reparasjon av kaianlegg ikkje medføre større terrenginngrep, ny fylling i sjøen, privatisering av strandsona i større grad eller skape ulemper for gytefelt av torsk. Utvida tiltak slik det er omsøkt medfører alle disse problemstillingar.

Om det er umogeleg å nytte naust utan rehabilitering av felles kai med utstikkare, må det søkjast om reparasjon av nøyaktig same anlegg med opphavleg utforming utan utviding. Kommune er samd med statsforvaltaren i Vestlandet som skrivar følgjande:

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

Utifrå foto som er lagt ved søknad ser vi at det kan vere behov for vedlikehald på staden. Det vert opplyst i søknad at det ikkje skal utførast tiltak i sjø, utover rehabilitering av eksisterande kai og kai-utstikkarar tilbake til opphavsleg utforming. Vi vil likevel peike på at arealet i sjø ikkje er sett av til tiltaka det vert søkt om.

Tiltaket ligg i Den indre farlei som er rekna som kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Tiltakas verknad på desse verdiane er særleg viktig å vurdere. Om kommunen vurderer at det er grunnlag for dispensasjon i saka, meiner vi at tiltaka ikkje bør vere større en naudsynt. I samsvar med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona bør det også vurderast felles brygger for å minske tiltaka i strandsona.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Omsynet bak føremål naust i KDP Radøy er å sikre byggjeområde for naust med tilhøyrande opptrekk, lunnar og kaifront. Unntak frå plankrav gjeld opptrekk, lunnar og kai til eksisterande naust opptil 10 m².

I omsøkte tiltaket er det ikkje søkt om opprusting/rehabilitering av kaianlegg med uendra dimensjonar. Eksisterande utstikkar er målt til ca. 9 m lengde mens det er søkt om 5 utstikkare på 13 m kvar: 4 utstikkare seksjon 2-5 skal tene kvar sitt naust og 1 skal byggjast som felles opptrekk til båttilhengar. Det finns moglegheit for opptrekk av båtar i dag, sjølv om kai treng vedlikehald og rehabilitering. Kommune ser at kai er slitt og trenger rehabilitering og kunne stille seg annleis til oppbygging av tiltak innafor eksisterande dimensjonar. Ved utviding av både kai, forlenging av utstikkare, etablering av to tredekker med utviding av eksisterande kaifront og brygge. Dimensjonar 2 m x 13,18 overskrider betydeleg det, som er tillat i kommunedelplan for Radøy med 10 m² til saman, innafor rammer som utløyser ingen plankrav. Kommune vurderer at tolegrensa er nådd her med eksisterande utstikkare på maks. lengde 9 m og alt som søkjast om nå utløyser tydeleg reguleringsplankrav.

Statlege styremakt som Statsforvaltaren rår ifrå kommune for å gje dispensasjon i denne saka slik den er omsøkt og rår til samla kai/brygge løysing framfor individuelle brygger for kvar seksjon/naust. Kommune har ingen praksis til å godkjenne slike omfattande tiltak utan reguleringsplan.

Bruk og vern av sjø

Areal avsett til hovudføremålet jf. KDP Radøy pkt. 3.5.1, kan utnyttast i samsvar med dei aktuelle underføremåla. Underføremålet i sjø kan ikkje nyttast til fartøy i opplag. Friluftsliv og anna aktivitet som medfører ureining, støy eller vesentleg reduserer områda sine naturkvalitetar har ikkje prioritet i områda.

Kommune vurderer at utviding av tiltaket er i konflikt med føremål i sjøen då tiltaket krev løyve frå hamnemynde både frå Bergen hamn og Fiskeridirektoratet med omsyn til gytefelt av torsk.

Byggegrense mot sjø

Omsynet bak føremål byggegrense pkt. 4.12.2 å avgrense strandsona til sjø slik at generelle forbodssona på 100 m vert erstatta med avsett byggegrensen i KDP Radøy.

Delar av tiltaket - 5 utstikkare, tredekke/terrasse, kaifront, fylling i sjøen kjem i konflikt med byggegrense mot sjøen, avsett i KDP Radøy. Kommune meiner at tiltaket medfører aukande terrenginngrep, privatisering av strandsona i større grad.

Kommunen vurderer at ei godkjenning av tiltaket slik det er søkt om vil kunne medføre ulemper i form av presedens for tilsvarande søknadar og det vil privatisere felles området i sjøen. Vi kan dermed ikkje sjå at det ligg anna enn private fordelar til grunn som tilseier at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt.

Planføremål Naust

Omsyn med naustføremål i planføresegn er å etablere opptil til 3 naust med tilhøyrande opptrekk, lunnar og kaifront på inn til 10 m2 utan plankrav. I denne saka er det omsøkt reparasjon av eksisterande anlegg felles kaianlegg med båtutstikkare som er betydeleg større enn 10 m2 tillete i føresegn pkt. 3.1.10.3 i KDP Radøy utan plankrav. I tillegg kan ikkje det gjevast fritak frå plankrav ved etablering av parkeringsplassar, jf.pkt.3.1.10.3.

I pkt.2.13 står det at det er ikkje tillete å bygge naust som krev fylling i sjø eller skjerming i form av molo utan reguleringsplan. Det står at område rund nausta skal ikkje flatplanerast, område rundt naust skal takast vare på som naturområde.

Tiltaka krev dispensasjon frå føremål naust då kai og utstikkare er større enn 10 m2 og utfylling i sjøen er ikkje i samsvar med naustføremål og utløyser plankrav.

Vurdering av fordelar og ulemper

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at dispensasjongrunngeving kan ikkje løyse tiltakets konsekvensar, aukande dimensjon på anlegget utløyser krav om reguleringsplan, fiskeriinteressa med gytefelt for torsk vert råka i vesentleg grad og utløyser plankrav med evt. konsekvensutredning.

Kommunen vurderer at ei godkjenning av utviding av tiltaket slik det er søkt om vil kunne medføre ulemper i form av presedens for tilsvarande søknadar og det vil vere vanskeleg å krevje reguleringsplan i liknande saker seinare. Statlege styremakt som Statsforvaltaren rår ifrå kommune for å gje dispensasjon i denne saka slik den er omsøkt og rår til samla kai/brygge framfor individuelle brygger for kvar seksjon/naust. Kommune vil etter PBL §1-4 følgje anbefalingar og samarbeide med offentleg mynde som har interesser i saka.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå byggegrense mot sjøen, frå planføremål naust, planføremål vern og bruk av sjø og frå plankrav for etablering av utfylling i sjøen, parkering med snuplass, rehabilitering av felles kaianlegg med 5 utstikkare er ikkje oppfylt.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagane skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom fram til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.

- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

- Vedlegg
 - 1SAK 2024-8326. Gbnr.482-63 - Brekkestø. Klage på vedtak.pdf
 - 2A2-002 - Situasjonsplan.pdf
 - 3Fiskeridirektoratets uttalelse til søknad om dispensasjon for utfylling i sjø og rehabilitering av kaianlegg, Alver kommune, Brekkestø gnr482 bnr63.pdf
 - 4Vedrørende søknad om dispensasjon på høring - utfylling i sjø og rehabilitering av kaianlegg - gnr-bnr 482-63, Brekkestø, Alver kommune.pdf
 - 5Uttale vedr - Søknad om dispensasjon på høring - utfylling i sjø, rehabilitering av kaianlegg - gnr-bnr 482-63, Brekkestø, Alver kommune--.PDF
 - 6Uttale - Dispensasjon - Alver - Brekkestø 482_63 - utfylling i sjø - rehabilitering av kaianlegg.pdf
 - 7Brekkestø 482-63 - Tilleggsopplysninger til søknad om rammetillatelse, 23.08.2024.pdf
 - 8A2-002 - Situasjonsplan - revidert 23.08.2024.pdf
 - 9Tilleggsopplysninger til sak - gbnr 482/63 - Kaianlegg Brekkestø
 - 10Skjema
 - 11A2-002 - Situasjonsplan
 - 12A2-002 - Situasjonsplan1
 - 13A2-401 - Snitt
 - 14Følgeskriv til søknad om rammetillatelse
 - 15Søknad om dispensasjon fra byggegrense mot sjø
 - 16Søknad om dispensasjon fra byggegrense mot sjø1
 - 17Forhåndsuttale vedr - Søknad om bygging av kai og utfylling i sjø mm. - gnr-bnr 482-63, Brekkestø, Alver kommune

18Forhåndsuttale vedr - Søknad om bygging av kai
og utfylling i sjø mm1. - gnr-bnr 482-63,
Brekkestø, Alver kommune

19Avslag på søknad om dispensasjon og
rammeløyve for utfylling i sjøen, rehabilitering av
kaianlegg med 5 utstikkare - gbnr 482/63
Brekkestø